



Lammebyte med Optima pH

Etter metode som er utvikla av Dag Laupsa Borge i Kvam. Sjå også Sau og Geit 1/2008.

Det som trengs:

Optima pH hudsvask for dyr; varenr 36(1 liter) eller 37(5 liter) etter så mange lam du skal flytta over. Hudsvask 5 liter og spenevask 5 liter er same produktet.

Optima pH hudspray for dyr; varenr 31(0,5 liter) eller 32(1 liter) etter så mange lam du skal bruka det til.

1. Fyll lunke vatn i ei bøtte på ca 20 liter
2. Ha oppi 2-3 dl med Optima pH hudsvask for dyr og bland godt
3. Dypp heile lammet i denne blandinga og gni det godt inn; utan å få vatn i nase og lunger
4. Ta lammet opp og la overskytande væske renna av
5. Spray lammet med Optima pH hudspray for dyr
6. Ha på fostervatn hvis du får tak i det
7. Lat sauen få dette lammet før han får sitt eige

Det som skjer vidare er at sauen slikkar lammet og godtek det(hudsprayen smakar godt).

Dette skjer i nær 100% av tilfella.

Tilbakemeldingane så langt er utruleg gode. Og det ser ikkje ut til at det betyr så mykje om det blir brukt fostervatn eller ikkje.

Metoden er brukt på lam som var opp til 6 dagar gamle.

Det er også døme på vellukka resultat 1-2 dagar etter lamming når eigne lam har krepert.